



Torill Arnesen Dale
levegen 51
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1685 - 14/5624

Saksbehandlar:
Ingrid Moe
ingrid.moe@meland.kommune.no

Dato:
11.04.2014

Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett - etablere garasje under godkjent tilbygg i aust

Administrativt vedtak. Saknr: 95/2014

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad om endring av løyve stempla motteke 13. sept. 2013 og utfyllande dokumentasjon motteken 23.01.14.på gnr. 43 bnr. 28 i Meland kommune. Søknaden gjeld etablering av garasje/bod i underbygd kjeller til godkjent tilbygg i aust.

I Pbl. § 20-2 første ledd bokstav a jfr. SAK10 § 3-1 bokstav a går det fram at mindre tiltak er “et enkelt tilbygg hvor verken samlet bruksareal (BRA) eller bebygd areal (BYA) er over 50m2. Tilbygget kan i tillegg være underbygget med kjeller”.

I rettleiaren står det at “[e]n slik kjeller må ha himling mindre enn 1,5 m over planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen.” Vidare går det fram av rettleiaren til TEK10 § 6-1 at “kjeller kan inneholde garasje, fordi garasjen er tilleggsdel”. Omsøkt tiltak vurderast derfor som eit mindre tiltak jfr. Pbl. § 20-2.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedommen ligg i kommuneplanen som LNF-F-område. Tiltaket krev ikkje dispensasjonshandsaming då eigedomen er bebygd jfr. praksis i kommunen.

Nabovarsling

Meland kommune fritar for nabovarsling. Kommunen vurderer at naboar ikkje blir råka av tiltaket jfr. § 21-3 andre ledd.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket får ikkje ny plassering som følgje av endringa. Det vert vist til situasjonskart stempla motteke 01.03.2013. Tiltaket er i samsvar med Pbl. § 29-4.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar jfr. Pbl. §§ 29-1 og 29-2.

Vedtak

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til etablering av garasje/bod i underbygd kjeller til godkjent tilbygg i aust på gnr. 43 bnr. 28 i samsvar med søknad stempla motteken 13.09.13 og utfyllande dokumentasjon motteken 23.01.14. Det vert også vist til kart stempla motteke 01.03.13.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Ingrid Moe
byggjesakskonsulent/jurist

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Torill Arnesen Dale

levegen 51

5917

ROSSLAND